



Analysegruppa

*Analysegruppe
lagar analyser,
samanlikningar og
rapportar til
universitetsleiinga
om trendar, rammer
og utviklingstrekk
som er aktuelle for å
gjennomføre UiBs
strategi.*

*Analysegruppas
medlemmar: Ingar
Myking, Steinar
Vestad, Bjug Olav
Bøyum, Svein Jarle
Nymark, Gry
Flatabø og Caroline
Armitage.*

Innhald

Kraftig auke i eksterne forskningssøknader frå UiB	1
Flere søker master ved UiB, men foreløpig har færre møtt.....	4
Fleire faktorar avgjer gjennomføring og frafall i MNT-fagene	7
UiB-dropp i Shanghai-rankinga	8
Forskarar kan gi vekst – men norsk næringsliv investerer lite i FoU.....	10
Arbeidserfaring og gode karakterer gir jobbsjansene.....	11
Noreg er ein sterk innovatør – men tapar terreng på investeringar og kommersialisering ...	12
Kraftig vekst i tiltak for å sikre forskning.....	16
Regjeringa vil sikre norsk plass i EUs kunnskapssatsing.....	17
EU vurderer langsiktig støtte til forskingsinstitusjonar	17
Trump-administrasjonen vil endre amerikansk forskingspolitikk	18
NTNU blant dei ti største universiteta på samarbeidsprosjekt.....	18
ERC opnar for fleire forskarar i 2027.....	18
Deltakelse i EUs forsknings- og innovasjonsprogram hever kvaliteten på norsk forskning	19
Europeisk utdanningssamarbeid er nyttig for Norge	20
Flere studenter har økonomiske utfordringer	21
Ekspertgruppe om energisikkerhet vil ha mer forskning	21
Nytt NIFU-notat advarer mot å la språkmodeller erstatte eksperter	22

Kraftig auke i eksterne forskningssøknader frå UiB

Universitetet i Bergen (UiB) har kraftig vekst i søknader til både EU og Forskringsrådet i 2026. Så langt i år har UiB fått finansiering til fleire EU-prosjekt enn i heile 2025, og universitetet har den sterkaste veksten i FRIPRO-søknader blant dei største universiteta.

Utviklinga er særleg tydeleg på EU-sida. Ved utgangen av juni hadde UiB sendt inn 79 søknader om EU-finansiering. Det er meir enn ei dobling frå 33 søknader i same periode i 2025, og klart over dei 42 søknadene første halvår 2024. Og auken i aktiviteten har allereie gitt utslag i fleire nye prosjekt. Ved utgangen av juni hadde UiB fått tilslag på 16 EU-prosjekt. I løpet av juli og august kom det ytterlegare sju tildelingar. Dermed har 23 UiB-prosjekt fått EU-finansiering så langt i 2026 – mot 19 i heile 2025. Dette kan òg lesast meir om i [sak til Forskringsutvalet](#) ved UiB, som oppsummerer søknadsaktivitet og gjennomslag i Forskringsrådet og Horisont Europa første halvår 2026.

Sterkt ERC-gjennomslag

UiB markerer seg særleg i Det europeiske forskingsrådet, ERC, som deler ut nokre av dei mest prestisjefylte forskingsløyvingane i Europa. Første halvår fekk UiB finansiering til to ERC Advanced Grants, begge ved Det


medisinske fakultet (MED). ERC-tildelingane er også viktige økonomisk og utgjør ein stor del av midlane UiB hentar inn under Horisont Europas søyle for «Excellent Science».

Tal frå Forskringsrådet viser at UiB hadde fått 25 ERC-tildelingar i Horisont Europa på telletidspunktet. Det er nesten like mange som NTNU, som hadde 26, og meir enn dobbelt så mange som UiT med 11. UiO ligg klart øvst med 55. Dei store universiteta har samstundes om lag same suksessrate på ERC-søknadene, rundt 15 prosent. UiB sitt relativt sterke ERC-gjennomslag er ein viktig grunn til at universitetet får mykje att økonomisk per forskarårsverk.

På nivå med NTNU per årsverk

Ser ein på Horisont Europa samla, har UiB færre søknader enn både UiO og NTNU. Men når tildelingane blir justerte for storleiken på institusjonen, kjem UiB langt betre ut. UiB har så langt sendt 588 søknader til Horisont Europa og fått 118 innstilte prosjekt. Det gir ein suksessrate på 20 prosent. UiO har også 20 prosent, NTNU 18 prosent og UiT 21 prosent. Målt i tildelte euro per årsverk ligg UiB på 7384 euro, svært nær NTNU med 7564 euro. UiO ligg høgare med 9029 euro, medan UiT ligg på 5762 euro per årsverk.


For UiB er det særleg ERC som trekkjer den økonomiske utteljinga opp. UiB har relativt større gjennomslag i ERC enn NTNU, medan NTNU har fleire finansierte prosjekt med mindre økonomisk omfang.



Kraftig vekst mot Forskringsrådet

Også i høve til Forskringsrådet har aktiviteten teke seg kraftig opp. Ved utgangen av juni hadde UiB sendt 161 søknader i 2026. Det er fleire enn på same tidspunkt både i 2024 og 2025. Veksten er størst innan banebrytande forskning, men UiB har også sendt fleire søknader til tematiske utlysingar.

Særleg merkbar er utviklinga innan FRIPRO og andre verkemiddel for banebrytande forskning. UiB hadde 61 søknader i denne kategorien i dei nasjonale oversiktene for 2026, opp frå 40 året før. Det tilsvarer ein vekst på 53 prosent.



Figur 1 Søknader per 30. juni –Tematiske (KSP/forskerprosjekt/nye typer)+FRIPRO. Før 2023 hadde FRIPRO faste frister i vårsemesteret.

Det er den sterkaste prosentvise veksten blant dei fire største universiteta. UiO auka med 41 prosent og NTNU med 22 prosent, medan UiT hadde ein nedgang på 14 prosent. UiB ligg også klart over den nasjonale veksten på 16 prosent. Utviklinga er eit tydeleg brot med 2025, då UiB hadde svakare utvikling enn fleire av dei andre store universiteta.


Ni nye prosjekt innan banebrytande forskning

Den auka aktiviteten gir også tildelingar. Første halvår fekk UiB finansiering til ni prosjekt innan FRIPRO og andre verkemiddel for banebrytande forskning, opp frå åtte året før og fire i 2024. Blant tildelingane er to prosjekt for radikale forskingsidear i tidleg karriere, eitt toppforskarprosjekt og finansiering av ein ERC-søknad som vart vurdert som støtteverdig, men ikkje fekk finansiering frå EU. Fem av dei ni tildelingane går til forskarar i tidleg karriere. Til saman vann UiB kontraktar frå Forskringsrådet for 93 millionar kroner første halvår. FRIPRO står for den største delen av summen.

Mobilisering ser ut til å ha gitt effekt

Den kraftige veksten kjem etter at UiB har sett inn eigne tiltak for å auke deltakinga i strategisk viktige utlysingar. Universitetet har i strategien sin slått fast at det skal auke gjennomslaget innan banebrytande og tematisk forskning i Forskringsrådet og Horisont Europa, med særleg innsats mot FRIPRO og ERC. Vinteren 2026 løyvde universitetsleiinga eigne midlar for å få fleire til å søkje FRIPRO og Marie Skłodowska-Curie-utlysingar.

For FRIPRO var søknadsaktiviteten låg i starten av året, men tok seg opp etter at mobiliseringstiltaka kom på plass. Frå mars til juni vart det registrert fleire søknader frå erfarne forskarar enn i same periode dei to føregåande åra. Alle fakulteta og Universitetsmuseet har hatt vekst i FRIPRO-søknader.



Figur 2 Søknader FRIPRO, kumulativt innen år

Fleire søknader mot store samfunnsutfordringar

Den største auken i EU-søknader kjem innan Horisont Europas søyle for globale samfunnsutfordringar. Her gjekk talet på UiB-søknader frå ni første halvår 2025 til 43 i same periode i år. Det medisinske fakultet stod for 15 av søknadene, medan Fakultet for naturvitskap og teknologi stod for 13. UiB var koordinator for tre av søknadene, mot éin første halvår 2025.

Også tildelingane har auka. Ti prosjekt innan globale samfunnsutfordringar fekk tilslag første halvår, mot tre året før. Fakultet for naturvitskap og teknologi hadde fem av dei finansierte prosjekta, med ei samla tildeling på to millionar euro.

Kan bli eit sterkt EU-år

Tala for 2026 er framleis førebelse, og UiB understrekar at tidspunktet for ulike søknadsfristar varierer frå år til år. Det gjer at første halvår ikkje utan vidare kan samanliknast direkte mellom åra. Likevel peikar fleire indikatorar i same retning: Søknadsaktiviteten har auka kraftig, UiB har allereie fått fleire EU-tildelingar enn i heile 2025, og universitetet har snudd utviklinga innan FRIPRO. I tillegg ventar UiB fleire viktige avgjerder utover hausten. Universitetet meiner sjølv at det ligg godt an i ERC Starting Grants, og innmelde planar tyder på auka søknadsaktivitet både til ERC og Marie Skłodowska-Curie-programmet.

Med dette ligg UiB an til at 2026 kan bli eit klart sterkare år for ekstern forskingsfinansiering enn 2025 – særleg på EU-sida.

Flere søker master ved UiB, men foreløpig har færre møtt

Interessen for UiBs masterprogrammer fortsetter å øke. Ved opptaket til høsten 2026 hadde universitetet 5 819 førsteprioritetssøkere, opp fra 5 453 året før. Samtidig viser de foreløpige tallene at færre studenter har møtt til studiestart enn i 2025. Bildet er imidlertid mer nyansert enn det ved første øyekast kan se ut til.

	Årstall											
	Studieplasser		Førsteprioritetssøkere		Kvalifisert førsteprisøkere		Tilbud		Møtt		Møtt av opptaksramme	
Fakultet	2025	2026	2025	2026	2025	2026	2025	2026	2025	2026	2025	2026
Grand Total	1 239	1 211	5 453	5 819	2 982	3 078	3 027	2 868	1 290	1 098	104%	91%
Det humanistiske fakultet	185	197	709	666	379	327	394	353	199	160	108%	81%
Det juridiske fakultet	50	55	285	293	223	224	151	125	93	68	186%	124%
Det medisinske fakultet	110	110	453	495	192	216	233	237	74	73	67%	66%
Det psykologiske fakultet	192	152	1 025	1 094	609	686	659	626	183	174	95%	114%
Det samfunnsvitenskapelig..	285	285	1 337	1 558	790	809	840	782	331	260	116%	91%
Fakultet for kunst, musikk..	72	73	433	419	134	125	109	102	75	69	104%	95%
Fakultet for naturvitenska..	345	339	1 211	1 294	655	691	641	643	335	294	97%	87%

Tabell 1 Opptak til toårige masterprogram, UiB. Kilde: FS

Flere fakulteter opplever samme utvikling: søkningen øker, mens antallet møtte studenter foreløpig ikke følger etter. Dette er særlig tydelig ved Det samfunnsvitenskapelige fakultet (SV), som har en markant vekst i førsteprioritetssøkere. Programmer som *Politics and Governance of Global Challenges*, samfunnsøkonomi og systemdynamikk tiltrekker seg flere søkere enn tidligere, men har foreløpig lavere oppmøte.

Det humanistiske fakultet (HF) opplever nedgang i søkere og klarer ikke å fylle opptaksrammen i år. Deler av årsaken til dette kan være at lavere opptak på grunnstudiene de siste årene gir færre kvalifiserte søkere til masterutdanningene.

Ved Fakultet for naturvitenskap og teknologi (NT) fortsetter flere informatikkprogrammer å være blant UiBs mest etterspurte. Særlig maskinlæring skiller seg ut med svært mange søkere per studieplass. Samtidig viser



foreløpige tall at høy søkning ikke nødvendigvis gir flere studenter ved studiestart, noe som kan tyde på økt konkurranse mellom institusjonene om de mest attraktive kandidatene. Inntil et nasjonalt samordnet opptak for masterstudier er på plass vil vi fortsatt måtte planlegge for at mange søkere har flere aktive søknader og tilbud.

Det psykologiske fakultet (PS) og Det juridiske fakultet (JUR) framstår som to av vinnerne i årets opptak. Begge fakultetene har høy søkning til flere av sine største studieprogrammer, og de foreløpige møttallene tyder på at de i stor grad lykkes med å fylle studieplassene. Arbeids- og organisasjonspsykologi, logopedi og flere andre psykologistudier er svært attraktive, mens masterstudiet i rettsvitenskap opprettholder sin posisjon som et av UiBs mest etterspurte tilbud. Ved Fakultet for kunst, musikk og design (KMD) peker tallene mot en jevn og forutsigbar rekrutteringssituasjon, med søkerinteresse og oppmøte på omtrent samme nivå som årene før.

Det medisinske fakultet (MED) framstår på sin side som stabilt fra år til år, men til tross for god søkning til enkelte programmer, særlig biomedisin, ligger fakultetet samlet sett relativt lavt når det gjelder oppfylling av opptaksrammene.

Årets opptakstall tyder på at UiB ikke har utfordringer med å tiltrekke seg søkere til masterutdanningene. Det mest interessante spørsmålet blir i stedet hvor stor andel av søkerne som faktisk velger UiB når de

endelige registreringstallene foreligger. I så måte peker 2026 mot en utfordring som handler mindre om rekruttering og mer om å konvertere søkere til studenter.

Færre møtte studenter også på grunnstudiene

Opptaket til grunnstudiene ved UiB høsten 2026 preges av den samme utviklingen som ble observert ved masteropptaket: flere førsteprioritetssøkere, flere av søkerne er kvalifisert og det er sendt flere tilbud. Samtidig er det foreløpige møtt-tallet lavere. Selv om antallet førsteprioritetssøkere økte fra 10 553 til 11 401, en vekst på nær åtte prosent, faller den samlede oppfyllingen av studieplassene foreløpig fra 108 til 96 prosent. Også her kan vi vente en liten økning fram mot 1. september, men det forventes en nedgang sammenlignet med 2025.

Den største veksten i førsteprioritetssøkere finner vi ved MED med hele 44 prosent, fra 1 250 til 1 799. En viktig årsak er utvidelsen av Vestlandslegen som i år også tilbys i Haugesund. Til tross for dette er det per nå færre møtte på medisinstudiene totalt enn i 2025.

Profesjonsstudiet i psykologi, arbeids- og organisasjonspsykologi og generell psykologi fortsetter å være blant universitetets mest attraktive utdanninger. Dette er programmer der etterspørselen langt overstiger kapasiteten.

JUR opprettholder sin sterke posisjon, og har også den klart lengste ventelisten ved UiB med om lag 1 800 søkere. Selv om møttallene er noe lavere enn året før, fremstår rettsvitenskap fortsatt som universitetets mest konkurranseutsatte studieprogram målt i samlet etterspørsel.

Ved SV er bildet mer sammensatt. Søkningen er stabil på fakultetsnivå, men utviklingen varierer mellom programmene. Informasjonsvitenskap, geografi og sammenliknende politikk øker i popularitet, mens medie- og interaksjonsdesign, medier og kommunikasjon og sosialantropologi opplever lavere søkning enn året før. Journalistikk, film- og TV-produksjon og samfunnsøkonomi har samtidig betydelige ventelister, noe som viser at utdanningene fortsatt har høy attraktivitet.



NT viser flere interessante bevegelser. Enkelte teknologi- og informatikkstudier styrker seg, særlig datasikkerhet, medisinsk teknologi og finans, forsikring og data science. Samtidig har flere tradisjonelle realfag utfordringer. Biologi, kjemi og geologi opplever nedgang i både søkning og oppmøte.

HF fortsetter å ha utfordringer med å fylle studieplassene. Fakultetet har samlet sett stabil søkning, men oppmøtet faller. Flere språk- og kulturfag har svært lave søkertall og lav kapasitetsutnyttelse. Samtidig finnes det lyspunkter. Lektorutdanning i historie, engelsk og enkelte språkfag viser god utvikling, og enkelte årsstudier opplever økt interesse.

Høyere enn kapasiteten

Den kanskje viktigste observasjonen i årets opptak er forskjellen mellom søknadsvekst og faktisk oppmøte. Ved mange av UiBs mest attraktive studier er etterspørselen langt høyere enn kapasiteten, dokumentert

gjennom omfattende ventelister på rettsvitenskap, psykologi, medisin, odontologi og flere samfunnsvitenskapelige fag. Samtidig ser vi en nedgang i antallet studenter som møter til studiestart. For UiB blir derfor et sentralt spørsmål framover ikke bare hvordan man skaper interesse for studiene, men hvordan man sikrer at de kvalifiserte søkerne faktisk velger UiB når de får tilbud om studieplass.

Tabell 2 Opptak til grunnstudier, UiB. Kilde: FS

Fakultet	Studieplasser		Førsteprioritetsøkere		Kvalifisert førsteprioritetsøkere		Tilbud		Mett		Mett av opptaksramme	
	2025	2026	2025	2026	2025	2026	2025	2026	2025	2026	2025	2026
Grand Total	1 239	1 211	5 453	5 819	2 982	3 078	3 027	2 868	1 290	1 098	104%	91%
HF	185	197	709	666	379	327	394	353	199	160	108%	81%
JUR	50	55	285	293	223	224	151	125	93	68	186%	124%
KMD	72	73	433	419	134	125	109	102	75	69	104%	95%
MED	110	110	453	495	192	216	233	237	74	73	67%	66%
NT	345	339	1 211	1 294	655	691	641	643	335	294	97%	87%
PS	192	152	1 025	1 094	609	686	659	626	183	174	95%	114%
SV	285	285	1 337	1 558	790	809	840	782	331	260	116%	91%

Fleire faktorar avgjer gjennomføring og frafall i MNT-fagene

Nye tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at Universitetet i Bergen (UiB) er blant institusjonane med lågast gjennomføring på [bachelorutdanningar](#) innan matematikk, naturvitenskap og teknologi (MNT).

Ved UiB fullfører i underkant av 60 prosent av studentane ei treårig bachelorutdanning innan MNT i løpet av fem år. Det plasserer UiB, saman med Universitetet i Stavanger, lågast blant institusjonane som er med i samanlikninga. Til samanlikning har NMBU den høgaste gjennomføringa, med 75 prosent, medan dei fleste institusjonane ligg mellom 64 og 66 prosent.

UiB også lågt på andre MNT-bachelorar


SSB skil mellom treårige ingeniørutdanningar og andre bachelorutdanningar innan MNT. UiB er ikkje trekt fram i samanlikninga av ingeniørutdanningane, men for dei andre MNT-bachelorutdanningane er universitetet blant institusjonane med lågast gjennomføringsgrad. Her ligg UiB i same gruppe som NTNU, Universitetet i Tromsø og Høgskolen i Østfold.

SSB understrekar samtidig at tala ikkje utan vidare kan brukast som ei rangering av institusjonane. Utdanningstilbodet varierer frå universitet til universitet, og samansetjinga av studentmassen kan påverke resultatane. Mellom anna har karakterar frå vidaregåande, fagbakgrunn og andre kjenneteikn ved studentane samanheng med kor stor del som fullfører.

Gode karakterar og realfag aukar sjansen for å fullføre

På nasjonalt nivå finn SSB eit tydeleg mønster: Dess høgare karakterpoeng studentane har frå vidaregåande, dess større er delen som fullfører MNT-utdanninga. Det gjeld både treårige bachelorutdanningar og femårige masterutdanningar.

Studentar som har teke realfag før dei startar på høgare utdanning, har også høgare gjennomføring enn studentar utan slik bakgrunn. SSB viser dessutan til forskning som tyder på at meir avansert matematikk i vidaregåande aukar sannsynet for å fullføre høgare utdanning.



Også sosial bakgrunn spelar inn. På femårige MNT-masterutdanningar fullfører studentar med foreldre som har høgare utdanning i klart større grad enn andre studentar. Åtte av ti studentar på desse utdanningane har sjølve foreldre med høgare utdanning. For treårige bachelorutdanningar er skilnadene mindre.

SSB finn òg lågare gjennomføring blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre enn i resten av befolkninga. På treårige MNT-bachelorar har 66 prosent i den øvrige befolkninga fullført innan fem år, mot 60 prosent blant både innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre.

Frafall betyr ikkje nødvendigvis at studentane forlèt utdanning

SSB har også undersøkt kva som skjer med studentane som avbryt MNT-studia. Nasjonalt fell rundt 30 prosent av bachelorstudentane frå utdanninga dei starta på. Det tilsvarende 2 350 studentar i datagrunnlaget.

Av dei som avbraut ei bachelorutdanning innan MNT, var nær tre av fire i jobb hausten 2024, medan fire av ti var i utdanning. 22 prosent hadde fullført ein annan grad. Tala viser dermed at fråfall frå eitt MNT-studium ikkje nødvendigvis inneber at studenten forlèt høgare utdanning.

Blant dei som avbraut ei femårig masterutdanning innan MNT, hadde 41 prosent fullført ei anna utdanning innan 2024. Nær ni av ti av dei som hadde fullført ein annan grad, var i jobb.

Ei nasjonal utfordring

SSB peikar på at MNT-kompetanse blir stadig viktigare, samtidig som færre elevar har valt realfag i vidaregåande opplæring etter Kunnskapsløftet i 2006. Norske elevar har også hatt ein nedgang i ferdigheitene i matematikk og naturfag.

Samla viser analysen at gjennomføring i MNT-studia heng saman med både type utdanning, studentbakgrunn og institusjon. SSB åtvarar difor mot enkle samanlikningar mellom universiteta. For UiB viser tala likevel at gjennomføringa på bachelorutdanningane innan MNT er lågare enn ved dei fleste institusjonane i undersøkingsområdet.

UiB-dropp i Shanghai-rankinga

Universitetet i Bergen fell frå gruppa 201–300 til 301–400 på årets Shanghai-ranking. UiB er framleis sterkast av dei tre største norske universiteta på publisering i *Nature* og *Science*, men får ingen utteljing for høgt siterte forskarar. Det slår hardt ut i ei rangering der storleik, siteringar og Nobelprisar veg tungt samanlikna med andre rangeringar.

Hausten er høgsesong for dei mange internasjonale rankingane. Ei av dei, Academic Ranking of World Universities (ARWU), betre kjend som Shanghai-rankinga, vart publisert 19. august.

Favoriserer store universitet

Ho favoriserer store universitet med ein tydeleg teknologisk og naturvitskapleg profil, og nobelprisar og såkalla «field»-prisar. Shanghai brukar seks indikatorar: Nobel- og Fields-vinnarar blant alumni (10 %), Nobel- og Fields-vinnarar blant tilsette (20 %), høgt siterte forskarar (20 %), artiklar i *Nature* og *Science* (20 %), artiklar registrerte i Web of Science (20 %) og samla resultat per fagleg årsverk (10 %). Meir enn 2500 universitet blir vurderte, medan dei 1000 høgast rangerte blir publiserte. 90 prosent av ARWU-skåren er



ikkje direkte storleiksjustert, medan 10 prosent er det. Det er ein viktig grunn til at NTNU og UiO kan få eit strukturelt fortrinn framfor UiB.

Alle tilbake

UiO kjem best ut i Noreg, på 86.-plass, mot 83.-plass i fjor. NTNU held seg i gruppa 151–200, medan UiB fell tilbake til 301–400. For UiB er dette ein retur til nivået frå før 2024. Universitetet låg i gruppa 301–400 i 2023, men rykte opp til 201–300 i 2024, truleg delvis Takka nobelprisen til UiB-alumni Jon Fosse og heldt denne plasseringa i 2025. NTNU fall frå 101–150 til 151–200 i 2024 og har sidan blitt liggjande der. UiO har hatt ein meir gradvis tilbakegang, frå 60.-plass i 2020 til 86.-plass i år.

UiB utan Highly Cited Researchers

UiB får 0 poeng på Highly Cited Researchers, som står for 20 prosent av den samla rangeringa. NTNU får 18,0 poeng og UiO 19,5. I 2026-rangeringa er denne indikatoren basert på Clarivate si liste over høgt siterte forskarar frå desember 2025, og berre forskaren si primære institusjonstilknytning tel. UiB taper også på publiseringsvolum. På den breie publiseringsindikatoren får UiB 32,5 poeng, mot 40,1 for NTNU og 48,4 for UiO. Fem av seks ARWU-indikatorar er i stor grad volumavhengige, noko som gir større institusjonar ein fordel. Dette er som sagt ei viktig forklaring på avstanden mellom UiB og dei større norske universiteta.

Indikator	Vekt	UiB	NTNU	UiO
Alumni – Nobel/Fields	10 %	13,4	11,3	24,2
Tilsette – Nobel/Fields	20 %	0,0	19,1	28,5
Høgt siterte forskarar	20 %	0,0	18,0	19,5
Nature og Science	20 %	16,4	15,7	15,4
Publikasjonar	20 %	32,5	40,1	48,4
Resultat per fagleg årsverk	10 %	19,2	19,0	27,0

Kjelde: ShanghaiRanking 2026.

UiB best på Nature og Science

Fallet betyr dermed ikkje at alle forskingsindikatorane går i feil retning. UiB får faktisk høgast skår av dei tre universiteta på artiklar publiserte i Nature og Science, med 16,4 poeng mot 15,7 ved NTNU og 15,4 ved UiO. UiB ligg også marginalt framfor NTNU på samla akademisk resultat per fagleg årsverk.

Avstanden til NTNU og særleg UiO kjem i staden frå indikatorar der UiB får liten eller inga utteljing. UiB har ingen Nobel- eller Fields-vinnarar blant tilsette som gir poeng i årets rangering, medan NTNU får 19,1 og UiO 28,5 poeng. UiB får derimot noko utteljing på alumni-indikatoren, der universitetet med 13,4 poeng faktisk ligg føre NTNU. Jon Fosse sin Nobelpris i litteratur har dei siste åra gitt UiB utteljing på denne indikatoren.

Årets resultat. Shanghai-rankinga bør tolkast med varsemd og måler ein bestemt type forskingsprestasjon og favoriserer store institusjonar, naturvitskap og medisin og universitet med Nobel- og Fields-vinnarar.

UiB	2021	2022	2023	2024	2025	2026
-----	------	------	------	------	------	------

Alumni	0	0	0	13,7	13,5	13,4
Award	0	0	0	0	0	0
HiCi	0	6,8	9,3	6	6,6	0
N&S	14,6	16	17	16	17,6	16,4
PUB	39,5	38,5	33,4	37,3	35,7	32,5
PCP	20,2	21,2	19,8	21,5	21,2	19,2

Forskarar kan gi vekst – men norsk næringsliv investerer lite i FoU

Noreg satsar mindre på forskning og utvikling enn mange land vi samanliknar oss med, samstundes som nye analysar tyder på at bedrifter som tek forskarkompetanse inn i verksemda, ofte veks i åra etterpå. To nye rapportar frå Menon Economics, Samfunnsøkonomisk Analyse og professor Hans Hvide ved UiB peikar på eit potensial som norsk næringsliv i dag berre delvis tek ut.

Rapportane er laga på oppdrag frå Akademikerne og vart presenterte av Menon Economics under Arendalsuka 2026. Prosjektet undersøker kva forskning og forskarar betyr for norsk samfunnsutvikling og økonomisk vekst.

Noreg ligg framleis langt unna målet om at samla FoU skal utgjere tre prosent av BNP, der næringslivet skal stå for to prosentpoeng. Næringsstrukturen forklarar mykje: store norske næringar som petroleum og kraft er svært verdiskapande, men har relativt låg FoU-intensitet. I Sverige har næringslivet ein FoU-andel av verdiskapinga som er 2,6 gonger den norske.



Utviklinga i feil retning

Rapporten viser at dei samla norske FoU-investeringane fall i 2024 for første gong på mange år. Forskarane peikar òg på ei gradvis «dekobling» mellom næringslivet og forskingsmiljøa: Bedriftene kjøper og finansierer stadig mindre forskning frå universitet, høgskular og forskingsinstitutt. Nyare forskning anslår ein nettoavkastning på FoU i Noreg på om lag 5–10 prosent årleg, medan den samfunnsøkonomiske gevinsten kan vere vesentleg større enn gevinsten for bedrifta sjølv, fordi ny kunnskap også spreier seg til andre aktørar.

55 000 med doktorgrad

Den andre rapporten undersøker kva som skjer når bedrifter faktisk rekrutterer forskarkompetanse. Talet på sysselsette med doktorgrad i Noreg har meir enn dobla seg sidan 2000, frå om lag 25 000 til rundt 55 000. Likevel er

mobiliteten frå akademia og staten til næringslivet låg. I presentasjonen blir det vist til at berre fem prosent av dei som hadde doktorgrad og arbeidde i staten, gjekk over til privat sektor mellom 2015 og 2023.

Analysane av norske bedrifter gir likevel eit interessant mønster. Bedrifter som tilset sin første ph.d., er gjerne i vekst allereie før tilsetjinga. I sjølve tilsetjingsåret fell sal og verdiskaping per tilsett mellombels, men deretter tek veksten seg opp. Tre år etter tilsetjinga ligg utviklinga tydeleg høgare enn før. Når ein person med ph.d. går inn i leiinga, finn forskarane òg eit markant vekstskifte i åra etterpå.

Verksemder med forskarutdanna investerer meir

Forskarane understrekar at analysane ikkje dokumenterer ein sikker årsakssamanheng. Bedriftene som rekrutterer ph.d.-kompetanse, kan ha særlege vekstambisjonar og eigenskapar allereie i utgangspunktet. Internasjonal forskning peikar likevel i same retning når det gjeld innovasjon: Verksemder med forskarutdanna leiarar ser ut til å investere meir i FoU, patentere meir og vere betre i stand til å hente inn og ta i bruk kunnskap utanfrå.

Rapportane peikar dermed mot ei dobbel utfordring: Noreg utdannar stadig fleire forskarar, men næringslivet investerer relativt lite i FoU og nyttar i avgrensa grad kompetansen frå forskingssektoren. Blant tiltaka som blir diskuterte, er sterkare mobilitet mellom akademia og næringsliv, meir bedriftsforankra offentleg finansierte forskingsprosjekt og større bruk av Nærings-ph.d.-ordninga.

Arbeidserfaring og gode karakterer gir jobbsjansene

Arbeidsledigheten blant nyutdannede masterkandidater har økt til 9,5 prosent – tre prosentpoeng mer enn i 2023. En ny rapport fra NIFU viser at jobbsjansene ikke bare avgjøres av hvilket fag man har studert: Kandidater med relevant arbeidserfaring fra studietiden og gode karakterer har større sannsynlighet for å få jobb, og for å få en jobb som samsvarer med utdanningen.

Funnene er basert på [Kandidatundersøkelsen 2025](#), en nasjonal spørreundersøkelse blant personer som fullførte mastergrad våren 2025, gjennomført av NIFU på oppdrag for Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir).

Erfaring lønner seg – uavhengig av fagfelt

Analysene viser at effekten av arbeidserfaring og karakterer holder selv når forskerne tar hensyn til hvilket fagfelt kandidatene har studert. Kjønn og sosial bakgrunn slår derimot i liten grad ut på sannsynligheten for å være i jobb et halvt år etter uteksaminering. Rapporten finner samtidig at kandidater med innvandrerbakgrunn har lavere sannsynlighet for å være i jobb, og for å ha en jobb som ikke matcher utdanningen, enn øvrige kandidater – også når man kontrollerer for fagfelt og andre kjennetegn.



Halvparten forventet en enklere overgang

Om lag halvparten av de nyutdannede oppgir at det har vært vanskeligere enn forventet å finne arbeid som samsvarer med kvalifikasjonene – en økning fra 2023. Andelen er høyest blant kandidater med realfag og samfunnsfag, der to av tre sier det ble vanskeligere enn de hadde sett for seg.

Fortsatt fornøyde med utdanningen

Selv om overgangen til arbeidslivet er blitt tøffere for mange, er de fleste nyutdannede fornøyd med utdanningen de har tatt: 85 prosent oppgir at de er tilfredse med studiet og lærestedet. De er generelt mer fornøyd med faglig innhold og undervisningskvalitet enn med tilbakemelding/veiledning og arbeidslivsrelevans. Bedre arbeidslivsrelevans etterlyses særlig i fag med svakere jobbutsikter.

Noreg er ein sterk innovatør – men tapar terreng på investeringar og kommersialisering

Noreg er framleis blant dei sterkaste innovasjonslanda i Europa, men forspranget til EU blir mindre.

European Innovation Scoreboard 2026 viser eit land med sterke forskingsmiljø, høg kompetanse og svært godt samarbeid mellom akademisk, næringsliv og offentlig sektor – men også med tydelege utfordringar innan finansiering, næringslivsforskning, patent, kommersialisering og høgteknologisk eksport.

Den norske innovasjonsskåren ligg på 115,7 prosent av EU-gjennomsnittet i 2026. Det gir Noreg ein tiandeplass blant EU-landa og dei europeiske nabolanda som er med i samanlikninga. Noreg blir dermed framleis rekna som ein «sterk innovatør». Men utviklinga går ikkje berre rett veg. Den samla norske skåren fall med 1,5 prosentpoeng frå 2025 til 2026. Sidan 2019 har norsk innovasjonsevne auka med 7,4 prosentpoeng, medan EU samla har auka med 11,6 prosentpoeng i same periode. Noreg held med andre ord eit høgt nivå, men EU tek gradvis innpå.

Best på samarbeid mellom forskning og næringsliv

Den tydelegaste norske styrken er evna til å kople saman forskingsmiljø, verksemdar og offentlege aktørar. På området rapporten kallar «linkages» er Noreg rangert som nummer to av 40 land. Norske små og mellomstore bedrifter samarbeider langt meir enn gjennomsnittet i EU. Skåren for innovative små og mellomstore verksemdar som samarbeider, er 228,3 prosent av EU-gjennomsnittet, noko som gir Noreg ein tredjeplass.



NORWAY

Current Benchmarking

Indicator	Performance indexed to the EU in 2026	Rank among the EU and neighbouring countries
SUMMARY INNOVATION INDEX	115.7	10
Human resources	134.2	9
New doctorate graduates	88.9	15
Population with tertiary education	165.2	7
Population involved in lifelong learning	159.1	9
Attractive research systems	162.6	9
International scientific co-publications	258.2	6
Scientific publications among the top 10% most cited	130.9	9
Foreign doctorate students as a % of all doctorate students	119.5	19
Digitalisation	142.6	3
High-speed internet access	121	5
Individuals with above basic overall digital skills	172	5
Finance and support	99.6	13
R&D expenditure in the public sector	106.7	10
Venture capital expenditures	111	12
Direct and indirect government support of business R&D	84.3	13
Firm investments	90.5	13
R&D expenditure in the business sector	64.8	18
Non-R&D innovation expenditures	113.7	9
Innovation expenditures per person employed	100.3	11
Investments in information technologies	124.8	7
Cloud Computing	126.3	8
Employed ICT specialists	123.1	7
Innovators	132.3	8
SMEs introducing product innovations	163.2	7
SMEs introducing business process innovations	108.7	10
Linkages	236.7	2
Innovative SMEs collaborating with others	228.3	3
Public-private co-publications	464.6	5
Job-to-job mobility of HRST	150	8
Intellectual assets	49.1	30
PCT patent applications	81	12
Trademark applications	41.8	31
Design applications	13.3	31
Sales and employment impacts	92.7	21
Sales of new-to-market and new-to-firm innovations	47.8	29
Employment in innovative enterprises	131.9	6
Trade impacts	60.6	30
Exports of medium and high-tech products	2.6	38
Knowledge-intensive services exports	96.5	9
High-tech imports from outside the EU	88	20
Resource and labour productivity	139	6
Resource productivity	113.8	12
Production-based CO2 productivity	111.7	15
Labour productivity	216.8	4

Strong Innovator

Summary innovation index (indexed to EU in 2026): **115.7**
Change vs 2019: **+7.4** Change vs 2025: **-1.5**

Norway is a Strong Innovator, performing at 115.7% of the EU average in 2026.

It ranks 10th among the EU and neighbouring countries.

Its performance is above the average of Strong Innovators in the EU and neighbouring countries (115.7% vs 112.5% of the EU average in 2026).

Relative strengths

- Public-private co-publications
- International scientific co-publications
- Innovative SMEs collaborating with others

Relative weaknesses

- Exports of medium and high-tech products
- Design applications
- Trademark applications

Highest ranked indicators among EU Member States and neighbouring countries

- Innovative SMEs collaborating with others
- Labour productivity
- Public-private co-publications

Lowest ranked indicators among EU Member States and neighbouring countries

- Exports of medium and high-tech products
- Design applications
- Trademark applications

Footnote: Scores are indexed to the EU average in 2026. Relative strengths (purple) and weaknesses (red) refer to the three indicators where the country's scores are furthest above or below the EU average in 2026. These highlight the areas where the country stands out most positively or faces the greatest relative challenges compared to the EU. The highest (purple) and lowest (red) ranked indicators are those where the country achieves its highest and lowest ranks among EU Member States. These show how the country compares to others, regardless of the EU average, by indicating its best and worst positions in the rankings. Note that if multiple countries receive the same score, they share the same rank. As a result, the lowest rank (e.g. 27 or 39) may not always appear. Relative performance compared to the EU average in 2026 is indicated using the following colour legend:

■ > 125% of the EU average ■ 70-100% of the EU average
■ 100-125% of the EU average ■ < 70% of the EU average

Endå sterkare er tala for vitskaplege publikasjonar skrivne i samarbeid mellom offentlege forskingsmiljø og næringslivet. Her ligg Noreg på 464,6 prosent av EU-gjennomsnittet. Det er den enkeltindikatoren der Noreg skil seg mest positivt ut.

Rapporten peikar òg på at Noreg ligg høgt internasjonalt når det gjeld samarbeid mellom universitet og næringsliv og utvikling av sterke klyngjer. Det gir eit bilete av eit innovasjonssystem som er godt til å byggje nettverk og kople forskning til behov i samfunns- og næringsliv. Samtidig har også dette styrkeområdet fått ein knekk det siste året. Den samla skåren for koplingar i innovasjonssystemet fall med 7,8 prosentpoeng frå 2025.

Norske forskingsmiljø står sterkt internasjonalt

Noreg gjer det òg svært godt på internasjonalt forskningssamarbeid. Talet på internasjonale vitskaplege sampublikasjonar ligg på 258,2 prosent av EU-gjennomsnittet. Det plasserer Noreg på sjetteplass blant dei 40 landa i samanlikninga. Også delen utanlandske doktorgradsstudentar har auka kraftig. Frå 2025 til 2026 steig indikatoren med 12,5 prosentpoeng, noko rapporten tolkar som eit teikn på at Noreg framleis er attraktivt som forskingsdestinasjon.

Kvaliteten på forskinga ligg også over EU-gjennomsnittet. Norske publikasjonar blant dei ti prosent mest siterte internasjonalt har ein skår på 130,9 prosent av EU-nivået. Samstundes fall denne indikatoren med 5,6 prosentpoeng det siste året. Det viser at ein sterk posisjon ikkje nødvendigvis er varig. Den samla skåren for attraktive

Performance Trends

Indicator	Performance indexed to the EU in 2019	Performance change 2019-2026	Performance change 2025-2026
SUMMARY INNOVATION INDEX	129.1	+7.4	-1.5
Human resources	152.6	+9.6	-0.9
New doctorate graduates	88.9	0	0
Population with tertiary education	201.3	+14.6	+3.3
Population involved in lifelong learning	201.9	+19.2	-7.7
Attractive research systems	180.2	+25.8	+2.3
International scientific co-publications	343.6	+82.9	+9.2
Scientific publications among the top 10% most cited	121.8	-1.8	-5.6
Foreign doctorate students as a % of all doctorate students	153.8	+31.8	+12.5
Digitalisation	229.5	+57.4	+4.5
High-speed internet access	253.9	+81.9	+7.8
Individuals with above basic overall digital skills	210.0	+38.2	+2.0
Finance and support	110.5	-13.1	-15.6
R&D expenditure in the public sector	110.3	-34.5	-1.7
Venture capital expenditures	138.4	+43.6	-22.8
Direct and indirect government support of business R&D	94.8	-18.6	-28.5
Firm investments	90.4	+7.8	+8.4
R&D expenditure in the business sector	68.1	-5.8	-2.2
Non-R&D innovation expenditures	89.9	+2.4	+4.4
Innovation expenditures per person employed	113.2	+26.1	+22.2
Investments in information technologies	193.7	+34.7	-0.2
Cloud Computing	279.7	+66.9	-20.2
Employed ICT specialists	141.2	+14.7	+11.8
Innovators	136.9	-22.1	0
SMEs introducing product innovations	167.1	-28.7	0
SMEs introducing business process innovations	113.4	-17.1	0
Linkages	285.0	+21.4	-7.8
Innovative SMEs collaborating with others	231.6	+0.5	0
Public-private co-publications	540.0	+82.3	-9.1
Job-to-job mobility of HRST	211.8	+11.8	-14.7
Intellectual assets	39.6	-15.4	+1.4
PCT patent applications	69.1	-32.0	+1.0
Trademark applications	39.1	-10.0	+1.1
Design applications	8.9	-1.3	+2.2
Sales and employment impacts	94.1	-13.3	-6.1
Sales of new-to-market and new-to-firm innovations	45.8	-7.2	+2.7
Employment in innovative enterprises	141.0	-19.0	-14.6
Trade impacts	62.9	-4.1	-1.6
Exports of medium and high-tech products	2.7	-1.1	+2.7
Knowledge-intensive services exports	102.9	-3.5	-8.4
High-tech imports from outside the EU	88.6	-8.1	+0.5
Resource and labour productivity	186.4	+46.7	-4.8
Resource productivity	164.3	+86.1	-14.4
Production-based CO2 productivity	171.7	+40.0	+0.8
Labour productivity	225.8	+6.5	+1.0

Summary innovation index (indexed to EU in 2019): **129.1**.

Performance since the base year is increasing less than the EU (+7.4%-points vs +11.6%-points for the EU).

Strong increases since 2019

- Resource productivity
- International scientific co-publications
- Public-private co-publications

Strong decreases since 2019

- R&D expenditure in the public sector
- PCT patent applications
- SMEs introducing product innovations

Strong increases since 2025

- Innovation expenditures per person employed
- Foreign doctorate students as a % of all doctorate students
- Employed ICT specialists

Strong decreases since 2025

- Direct and indirect government support of business R&D
- Venture capital expenditures
- Cloud Computing

Footnote: Scores are indexed to the EU in 2019. Changes over time are shown in purple (positive) and red (negative).

Note on performance score: Prior to indexing data to the EU in 2019 and 2026, all indicators are normalised between 0 and 1. This means that some indicators may be equal to 0, reflecting the fact that they have the lowest value (see Methodology Report for details). Multiple countries can receive a score of 0 for the same indicator.

forskingssystem steig likevel med 2,3 prosentpoeng, og Noreg gjekk frå tiande- til niandeplass på dette området.

Høgt utdanningsnivå og sterke digitale ferdigheiter

Noreg ligg òg godt over EU-gjennomsnittet når det gjeld utdanning og kompetanse. Om lag 49 prosent av befolkninga mellom 25 og 64 år hadde høgare utdanning i 2023, ifølgje tala rapporten byggjer på.

Skåren for delen av befolkninga med høgare utdanning er 165,2 prosent av EU-gjennomsnittet. Deltakinga i livslang læring ligg på 159,1 prosent av EU-nivået. Samstundes fall deltakinga i livslang læring med 7,7 prosentpoeng det siste året, og talet på nye doktorgradskandidatar ligg under EU-gjennomsnittet, med ein skår på 88,9 prosent.

Digitalisering er ei anna klar norsk styrke. Noreg er nummer tre av 40 land på dette området. Delen innbyggjarar med meir enn grunnleggjande digitale ferdigheiter ligg på 172 prosent av EU-

gjennomsnittet, og norske bedrifter tek i bruk digitale verktøy i større grad enn gjennomsnittet i EU.

Kraftig fall i finansiering og støtte

Der rapporten teiknar eit langt meir uroande bilete, er på finansiering og støtte til innovasjon. Den samla skåren for finansiering og støtte fall med 15,6 prosentpoeng på eitt år og ligg no så vidt under EU-gjennomsnittet. Det er den sterkaste nedgangen av alle hovudområda i rapporten. Direkte og indirekte offentleg støtte til forskning og utvikling i næringslivet fall med 28,5 prosentpoeng. Skåren er no nede på 84,3 prosent av EU-gjennomsnittet. Også investeringane i venturekapital gjekk kraftig ned, med 22,8 prosentpoeng.

Utgiftene til forskning og utvikling i offentleg sektor har halde seg meir stabile, men ligg klart svakare an enn i 2019. Rapporten teiknar dermed eit bilete av eit land som har sterke forskingsmiljø og godt samarbeid, men der kapitalgrunnlaget for å utvikle og skalere nye idear kan vere i ferd med å bli svakare.

Næringslivet forskar mindre enn i EU

Ei anna utfordring er forskingsinnsatsen i næringslivet. Sjølv om investeringane i norske bedrifter samla steig frå 2025 til 2026, ligg næringslivet sine utgifter til forskning og utvikling på berre 64,8 prosent av EU-gjennomsnittet. Rapporten omtalar dette som ei vedvarande strukturell svakheit. Ein del av forklaringa blir knytt til samansetjinga av norsk økonomi: petroleum, maritime næringar og sjømat står sterkt, men investerer relativt mindre i formell forskning og utvikling enn land med store teknologi-, farmasi- og industrimiljø.

Det betyr ikkje at norske bedrifter er lite innovative. Norske små og mellomstore verksemdar kjem godt ut på fleire indikatorar, og delen som introduserer produktinnovasjonar, ligg på 163,2 prosent av EU-gjennomsnittet. Men ein større del av innovasjonen skjer utanfor dei tradisjonelle FoU-kategoriane.

Sterke på idear – svakare på kommersialisering

Kontrasten blir særleg tydeleg når ein ser på patent og kommersielle resultat. På immaterielle verdiar ligg Noreg på berre 49,1 prosent av EU-gjennomsnittet og på 30.-plass. Noreg ligg på 81 prosent av EU-snittet for internasjonale patentsøknader. For varemerkesøknader er nivået 41,8 prosent, medan designsøknader ligg heilt nede på 13,3 prosent av EU-gjennomsnittet. Også når innovasjon skal gi utslag i sal, kjem Noreg svakt ut. Sal av produkt som er nye for marknaden eller verksemda, ligg på 47,8 prosent av EU-gjennomsnittet. Det gir ein 29.-plass, og indikatoren har ikkje betra seg sidan 2019.

Rapporten peikar dermed på eit norsk paradoks: Landet har mange innovative bedrifter, sterke forskingsmiljø, gode nettverk og mykje samarbeid, men er svakare til å omsetje innovasjonen i nye produkt, kommersielle resultat og eksport.

Nesten botnplass på høgteknologisk eksport

Den svakaste norske indikatoren er eksport av mellom- og høgteknologiske produkt. Her ligg Noreg på berre 2,6 prosent av EU-gjennomsnittet og er rangert som nummer 38. Ei viktig forklaring er strukturen i norsk eksport. Olje, gass og sjømat står for ein stor del av vareeksporten, medan kunnskaps- og teknologiintensive produkt utgjør ein mindre del enn i mange EU-land.

Eksporten av kunnskapsintensive tenester ligg nærare EU-gjennomsnittet, men fall også med 8,4 prosentpoeng det siste året. Rapporten peikar på at Noreg er meir avhengig av import av høgteknologiske produkt og tenester enn EU samla.

Regjeringa har sett som mål å auke eksporten utanom olje og gass med 50 prosent innan 2030. Tala i European Innovation Scoreboard viser at det vil krevje ei omfattande omstilling mot meir kunnskaps- og teknologiintensive næringar.

Vestlandet blant dei sterkaste regionane

[Det nasjonale biletet blir også spegla regionalt. Alle dei norske regionane ligg over EU-gjennomsnittet på innovasjon, og Vestlandet er blant dei tre sterkaste i landet.](#) I den regionale rangeringa ligg Oslo og Viken øvst, følgt av Trøndelag, medan Vestlandet kjem på tredje plass. Vestlandet skårar særleg høgt på utdanning, livslang læring og internasjonalt forskningssamarbeid. Regionen ligg på 161,2 prosent av EU-gjennomsnittet for høgare utdanning og heile 218,4 prosent for livslang læring.

Mest oppsiktsvekkjande er tala for internasjonale vitenskaplege sampublikasjonar. Her ligg Vestlandet på 332,7 prosent av EU-gjennomsnittet. For universitet og høgskular i regionen, mellom anna Universitetet i Bergen, tyder det på forskingsmiljø som er tett integrerte i internasjonale nettverk.

Eit relevant bilete for UiB



Administrative boundaries: © EuroGeographics © OpenStreetMap Cartography.
Cartography: Eurostat - IMAGE

Vestlandet (NO0A)

Indicator	Current benchmarking (relative to the EU in 2025)				Performance trends (relative to the EU in 2018)		
	Performance relative to		Region rank	Performance relative to EU in 2018	Performance change		
	NO	EU27			2018-2025	2023-2025	
REGIONAL INNOVATION INDEX	98.6	119.9		47	135.0	13.7	1.9
Human resources							
1.1.2 Population with tertiary education	97.9	145.2		30	161.2	6.3	
1.1.3 Population involved in lifelong learning	100.9	172.6		42	218.4	37.8	11.2
Attractive research systems							
1.2.1 International scientific co-publications	97.0	246.2		42	332.7	99.4	14.5
1.2.2 Scientific publications among the top 10% most cited	96.5	128.1		65	121.2	-10.4	4.1
Digitalisation							
1.3.1 Broadband penetration	91.2	121.9		41	121.9	39.8	-7.2
Finance and support							
2.1.1 R&D expenditure in the public sector	108.2	126.0		52	127.8	0.0	0.0
Firm investments							
2.2.1 R&D expenditure in the business sector	104.8	87.0		90	91.4	0.0	0.0
2.2.2 Non-R&D innovation expenditures	115.2	143.9		33	114.7	10.0	0.0
2.2.3 Innovation expenditures per person employed	89.5	131.5		24	146.4	22.5	0.0
Investments in information technologies							
2.3.1 Cloud computing in enterprises	99.7	173.7		18	173.7	0.0	0.0
2.3.2 Employed ICT specialists	58.9	65.5		143	73.7	3.7	14.1
Innovators							
3.1.1 SMEs introducing product innovations	95.3	172.4		17	192.0	3.3	0.0
3.1.2 SMEs introducing business process innovations	93.9	123.0		70	153.8	2.7	0.0
Linkages							
3.2.1 Innovative SMEs collaborating with others	101.0	216.5		1	288.8	46.3	0.0
3.2.2 Public-private co-publications	98.2	162.0		44	184.5	13.2	1.8
Intellectual assets							
3.3.1 PCT patent applications	130.5	118.3		46	103.9	1.0	-6.2
3.3.2 Trademark applications	108.8	36.5		210	34.1	14.4	-0.2
3.3.3 Design applications	142.1	50.8		180	41.9	5.6	7.4
Sales and employment impacts							
4.1.1 Sales of new-to-market and new-to-firm innovations	112.8	62.8		152	75.7	-16.0	0.0
4.1.2 Employment in innovative enterprises	97.2	135.2		35	142.9	-8.4	0.0
Trade impacts							
4.2.1 Exports of medium and high technology products	0.0	0.0		222	0.0	0.0	0.0
Resource and labour productivity							
4.3.2 Air emissions by fine particulates	103.6	162.9		13	240.8	11.3	-9.9
4.3.3 Labour productivity	89.9	186.7		16	194.5	-19.6	6.7

Legend: >125% of the EU average (dark blue), 100-125% of the EU average (medium blue), 70-100% of the EU average (light blue), <70% of the EU average (brown).
Note: 'Region rank' shows region rank among all regions for each indicator based on indicator scores.

For UiB er rapporten særleg interessant fordi fleire av Noregs og Vestlandets sterkaste sider ligg tett opp mot universitetet sitt samfunnsoppdrag: forskning, høgare utdanning, internasjonalt samarbeid og samspel med samfunns- og næringsliv.

Samtidig viser tala ei utfordring som også er relevant for universitetssektoren: Noreg er svært godt til å produsere kunnskap og byggje forskningssamarbeid, men langt svakare til å få kunnskapen over i patent, kommersielle produkt, vekstverksemdar og eksport.

For Vestlandet er utviklinga dessutan meir blanda når ein ser på forskingsgjennomslag. Regionen ligg framleis over EU-gjennomsnittet for publikasjonar blant dei ti prosent mest siterte internasjonalt, med ein skår på 121,2. Men sidan 2018 har indikatoren gått ned med 10,4 poeng, sjølv om det var ein mindre oppgang frå 2024 til 2025.

Sterkt utgangspunkt – men ikkje noko å ta for gitt

European Innovation Scoreboard 2026 teiknar samla eit todelt bilete av Noreg. Landet har høgt utdanningsnivå, sterke digitale ferdigheiter, attraktive forskingsmiljø, omfattande internasjonalt samarbeid og uvanleg gode koplingar mellom universitet, næringsliv og offentleg sektor. På den andre sida forskar næringslivet relativt lite, finansiering og offentleg støtte har svekt seg, og Noreg kjem svakt ut på patent, design, varemerke, høgteknologisk eksport og sal av nye produkt.

Kraftig vekst i tiltak for å sikre forskning

Talet på politiske tiltak for forskningstryggleik har blitt nesten tidobla sidan 2018, viser [nye tal frå OECD](#). Samstundes åtvarar organisasjonen mot at for strenge tryggleikskrav kan svekkje internasjonalt forskningssamarbeid.

I 2025 rapporterte landa inn 250 tiltak knytte til forskningstryggleik. Til samanlikning var talet langt lågare i 2018. I same periode steig talet på land med slike tiltak frå 12 til 41. Utviklinga kjem i takt med aukande geopolitisk spenning og sterkare konkurranse om strategisk teknologi som kunstig intelligens, kvanteteknologi og bioteknologi. Forsking og teknologi blir i stadig større grad sett på som ein del av både den nasjonale og økonomiske tryggleiken.



Forskingstryggleik handlar mellom anna om å hindre spionasje, uønskt påverknad og misbruk av forskingsresultat. Det kan også dreie seg om å unngå at sensitiv kunnskap eller teknologi med både sivile og militære bruksområde hamnar hos feil aktørar. Vanlege tiltak er krav om openheit, risikovurderingar av internasjonale samarbeidspartnarar, rettleiing til forskarar og eigne nasjonale kontaktpunkt. Nær 70 prosent av landa som har innført tiltak, har no utvikla eigne strategiar, regelverk eller kontrollordningar.

Regjeringa vil sikre norsk plass i EUs kunnskapssatsing

Noreg skal arbeide aktivt for vidare deltaking i EUs program for forskning, utdanning og innovasjon. [I arbeidsprogrammet for EU- og EØS-saker i 2026](#) varslar regjeringa tett oppfølging av nye program, regelverk og satsingar som kan få stor betydning for norske universitet og høyskular.

EU er i ferd med å utforme eit nytt langtidsbudsjett for perioden 2028–2034. Med budsjettet kjem også ei ny utgåve av sentrale samarbeidsprogram, mellom anna Horisont Europa og Erasmus+. Regjeringa slår fast at norsk deltaking i EU-programma har stor økonomisk, politisk og strategisk verdi. Gjennom programma får norske fagmiljø tilgang til kompetanse, forskingsinfrastruktur, teknologi og internasjonale nettverk.

Noreg deltek i dag fullt ut i både Horisont Europa og Erasmus+. I 2026 vil regjeringa følgje forhandlingane om dei neste programperiodane tett og arbeide for at programma blir mest mogleg relevante og tilgjengelege for norske aktørar. Noreg må innan februar 2027 gi EU ei førebels melding om kva program landet ønskjer å delta i frå 2028.



Vil unngå at Noreg blir halde utanfor

Ei viktig problemstilling er at EU i aukande grad vurderer krav om europeisk opphav eller europeisk tilknytning i støtteordningar og program. Formuleringar som «Buy European», «Made in EU» og «EU Preference» blir brukte på fleire område. Slike kriterium kan påverke norske forskingsmiljø, institusjonar og bedrifter dersom EØS-landa ikkje blir rekna som ein del av det europeiske samarbeidsområdet. Regjeringa varslar derfor at ho vil arbeide for at norske aktørar ikkje blir diskriminerte, og at rettane Noreg har gjennom EØS-avtalen, blir respekterte.

Kamp om framtidige forskingsmidlar

EU har også foreslått å etablere eit stort europeisk konkurranseevnefond. Fondet skal samle aktivitetar som i dag ligg i ei rekkje ulike program, og støtte strategiske prosjekt innan næringsliv, kunnskapsmiljø og infrastruktur. Noreg deltek i dag i ti av dei tolv programma som er foreslått innlemma i fondet.

Utforminga av fondet, Horisont Europa og Erasmus+ vil dermed få mykje å seie for kva moglegheiter norske universitet og høyskular får til europeisk finansiering og samarbeid etter 2027. Regjeringa har oppretta ei interdepartemental arbeidsgruppe som skal samordne arbeidet med dei nye programma. Hovudmålet er å sikre at norske fagmiljø framleis kan delta i det europeiske kunnskaps- og innovasjonssamarbeidet på best mogleg vilkår.

EU vurderer langsiktig støtte til forskingsinstitusjonar

Nasjonale forskingsfinansiorar er delte i synet på om Det europeiske forskingsrådet, ERC, bør støtte institusjonar og forskingssenter – ikkje berre enkeltforskarar, ifølgje [ScienceBusiness](#)

Forslaget om eit slags «ERC for institusjonar» blei først lansert av Mario Draghi i 2024. Tanken er å gi langsiktig støtte til framifrå forskingsmiljø på europeisk nivå. Forskingsfinansiorar i Spania, Danmark, Storbritannia og Sverige meiner nasjonale ordningar for senter for framifrå forskning har gitt gode resultat. Samstundes átvarar fleire mot at ei europeisk ordning kan bli politisert og svekkje ERC sitt tydelege fokus på vitenskapleg kvalitet.

Trump-administrasjonen vil endre amerikansk forskingspolitikk

USA har lagt fram ein ny strategi som lovar ein «gullalder» for forskning, men som samtidig varslar store endringar i korleis forskingsmidlar skal fordelast.

Strategien kritiserer universiteta som tunge og byråkratiske og vil i større grad finansiere teknologiske utfordringar, nye forskingslaboratorium og enkeltforskarar framfor institusjonar. Det blir også foreslått meir eksperimentering med nye finansieringsformer, mellom anna raskare tildelingar og eigne einingar som skal teste korleis forskingsmidlar blir fordelte.

Samtidig møter planen sterk kritikk. Trump-administrasjonen har foreslått store budsjettkutt i sentrale forskingsorgan, mellom anna National Science Foundation og National Institutes of Health. Kritikarar meiner derfor strategien kan vere eit påskot for å svekkje universiteta og gi politiske styresmakter større kontroll over forskinga.



NTNU blant dei ti største universiteta på samarbeidsprosjekt

NTNU er det einaste norske universitetet på topp ti-lista over universitet som har fått mest støtte frå samarbeidsprosjekta i Horisont Europa.

Universitetet har fått nær 89 millionar euro gjennom søyle 2 i programmet. Midlane er fordelte på 141 prosjekt, og NTNU koordinerer 26 av dei. Universitetet står særleg sterkt innan klima, energi og mobilitet. KU Leuven i Belgia toppar lista med nesten 148 millionar euro og 238 prosjekt. Deretter følgjer Delft tekniske universitet og Danmarks Tekniske Universitet. Fem universitet har fått meir enn 100 millionar euro kvar. Fleire av dei har tydelege faglege styrkeområde, som digitalisering og romfart, klima og energi, eller mat og bioøkonomi.

Nær 2 000 universitet har delteke i Horisont Europa sidan 2021, men dei fleste har berre fått eitt eller to prosjekt. Dei mest vellukka universiteta har ofte eigne støtteapparat for EU-søknader og store internasjonale nettverk. Tala viser også ein sjølvforsterkande effekt: Universitet som deltek i mange prosjekt, byggjer fleire samarbeid og får lettare tilgang til nye konsortium og utlysingar. UiB er elles sterkt profilert i Horisont Europa, særleg innan ERC men dette er andre delar av programmet enn samarbeidsprosjekta i søyle 2 som denne lista måler.

ERC opnar for fleire forskarar i 2027

Det europeiske forskingsrådet, ERC, utvidar kven som kan søkje dei viktigaste stipenda for forskarar tidleg og midt i karrieren. Samstundes blir talet på Starting Grants redusert.

<https://erc.europa.eu/news-events/news/new-erc-work-programme-sets-out-2027-funding-opportunities>

I arbeidsprogrammet for 2027 vidarefører ERC dei fem hovudordningane Starting Grant, Consolidator Grant, Advanced Grant, Synergy Grant og ERC Plus. Den største endringa er breiare søkjarvindauge. Forskarar kan søkje Starting Grant i inntil ti år etter doktorgraden, mot to til sju år tidlegare. For Consolidator Grant blir perioden utvida frå fem til femten år etter doktorgraden. Samtidig blir det færre stipend for forskarar tidleg i karrieren. ERC ventar å finansiere 373 Starting Grants i 2027, mot 450 i 2026. Talet på Consolidator Grants går ned frå 328 til 296. Advanced Grant får derimot meir pengar og skal finansiere 311 prosjekt. ERC Plus blir vidareført med eit budsjett på 210 millionar euro og inntil 30 sjuårige stipend på sju millionar euro kvar.

Deltakelse i EUs forsknings- og innovasjonsprogram hever kvaliteten på norsk forskning

Norge har hatt stor nytte av å delta i EUs forsknings- og innovasjonsprogram Horisont Europa, viser ein [ny rapport frå Samfunnsøkonomisk Analyse og Technopolis](#), som tilrår deltaking også i neste programperiode.

Rapporten evaluerer kva Noreg har fått igjen for deltakinga i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, særleg **Horisont 2020** og **Horisont Europa**. Noreg har hatt god utteljing av EU-deltakinga, særleg gjennom sterkare forskingsmiljø, internasjonale nettverk og tilgang til arenaer Noreg ikkje kan etablere åleine. Rapporten tilrår full deltaking i FP10, vidareføring av Retur-EU og ei meir målretta innretning av PES.

Hovudkonklusjon

Rapporten konkluderer med at norsk deltaking i rammeprogramma gir **vesentlege fordelar for forskning, innovasjon, næringsliv og samfunn**, og at fordelane ved full deltaking i FP10 truleg er større enn kostnadene. Noreg bør derfor halde fram som fullt assosiert land. Alternativet – å bruke dei same pengane berre gjennom nasjonale ordningar – kan ikkje erstatte tilgangen til europeiske nettverk, kompetanse, infrastruktur, data og politiske samarbeidsarenaer.

Norsk deltaking har auka kraftig

Noregs del av dei konkurranseutsette midlane har stige frå 1,7 prosent i FP7 til 2,5 prosent i Horisont 2020. Ved utgangen av 2024 var delen i Horisont Europa 3,3 prosent inkludert CEPI (Coalition for Epidemic Preparedness Innovations), og 2,9 prosent utan CEPI. Per oktober 2025 var den samla returandelen 3,1 prosent inkludert CEPI. Dette ligg over regjeringa sitt mål på 2,8 prosent. I perioden 2019–2024 mottok norske miljø om lag 27 milliardar kroner i 2025-verdi.

Deltakinga er geografisk brei, men eit relativt lite tal universitet og forskingsinstitutt står for ein stor del av aktiviteten. Forskingsinstitutta er særleg viktige som koordinatorar og som inngang til deltaking for norske bedrifter.



Verknader for forskinga

Rapporten finn indikasjonar på at rammeprogramma styrkjer norsk forskingskvalitet:

- Talet på vitenskaplege publikasjonar frå prosjekta har auka.
- Norske artiklar frå EU-prosjekt blir siterte meir enn gjennomsnittet innanfor sine fagfelt.
- Søknader med norske koordinatorar har fått klart høgare suksessrate i Horisont Europa enn i Horisont 2020.
- Noreg gjer det særleg godt innan klima, energi og mobilitet, og innan mat, bioøkonomi, naturressursar, landbruk og miljø.

Rapporten kan likevel ikkje slå fast at forskingskvaliteten generelt har auka utover eit allereie høgt nivå, mellom anna fordi effektane tek lang tid å måle.

Samfunnsutfordringar og berekraft

Deltakinga gir norske aktørar tilgang til kunnskap, data, forskingsinfrastruktur og nettverk som er relevante for klima, energi, miljø og andre store samfunnsutfordringar. Mange norske publikasjonar frå programma handlar om FN's berekraftsmål. Samstundes presiserer rapporten at forskingsresultat først gir konkrete samfunnseffektar, som reduserte utslipp, når dei blir tekne i bruk i politikk, reguleringar og praksis.

Påverknad på politikk og samarbeid

Norske og europeiske forskingsprioriteringar har blitt meir samanfallande. EU sine samfunnsoppdrag har mellom anna inspirert tre norske samfunnsoppdrag, og Forskningsrådet og Innovasjon Noreg har tilpassa prosedyrar, kriterium og terminologi til europeisk praksis. Deltakinga har òg skapt omfattande samarbeid på tvers av land, sektorar og fagområde.

FP10

FP10 er foreslått med eit budsjett på om lag **175 milliardar euro**, med større vekt på innovasjon, kommersialisering, konkurransekraft, tryggleik og teknologi som kan brukast både sivilt og militært.

Den reint økonomiske samanlikninga mellom EU-deltaking og tilsvarende nasjonale løyvingar viser berre ein moderat fordel ved deltaking, og resultatet er følsamt for føresetnadene. Når dei ikkje-prisette gevinstane blir tekne med – nettverk, kunnskap, infrastruktur, marknadstilgang og politisk innverknad – vurderer rapporten likevel fordelane som klart større enn kostnadene. Stabil og føreseieleg tilknyting blir framheva som viktig; erfaringane frå Storbritannia og Sveits viser at uvisse raskt kan svekkje tillit og internasjonale samarbeid.

Europeisk utdanningssamarbeid er nyttig for Norge

Norge drar stor nytte av å delta i EU-programmet Erasmus+, og programmet styrker vårt samarbeid med Europa. Det viser en [ny evaluering](#) bestilt av Kunnskapsdepartementet.

Siden 1992 har Norge deltatt i Erasmus+, som er EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett. Evalueringen viser at interessen for Erasmus+ er stor og økende. Stadig flere skoler, kommuner, fylkeskommuner, universiteter og høyskoler, lærebedrifter og organisasjoner søker om å være med i programmet. Det gir stor konkurranse om midlene, og sikrer god kvalitet i de prosjektene som får støtte.



Flere studenter har økonomiske utfordringer

Andel studenter som opplever økonomiske vanskeligheter har økt de siste årene, men hvor vanlig det er å oppleve økonomiske utfordringer, varierer mellom ulike studentgrupper. Trang økonomi går både utover studentenes karakterer, psykisk helse og muligheten til å ha et variert kosthold, melder SSB.

De siste årene har vært preget av stadig økende priser, som også påvirker studenters økonomiske situasjon. I 2025 oppgir 31 prosent av studentene at de i stor eller svært stor grad opplever økonomiske vanskeligheter, viser resultater fra undersøkelsen Eurostudent 9. Andel studenter som selv oppgir å ha økonomiske vanskeligheter, har dermed økt siden 2022, hvor 26 prosent av studentene hadde økonomiske vanskeligheter. Tilsvarende er det også en stadig lavere andel studenter som i (svært) liten grad opplever økonomiske utfordringer.

Tabell 1. Konsekvenser av økonomiske vanskeligheter blant studenter som i stor eller svært stor grad opplever økonomiske vanskeligheter, etter alder. 2025				
	Yngre enn 22 år	22-24 år	25-29 år	30 år eller eldre
Karakterene er dårligere enn de kunne vært	40,2	45,7	51,0	55,6
Fullføring av studiene senere enn planlagt	10,9	14,0	19,1	27,1
Studentens psykiske helse påvirkes	58,9	61,0	67,9	67,1
Studentens fysiske helse påvirkes	37,1	37,8	45,0	51,0
Studenten må begrense antall eller type måltider	54,4	53,3	53,2	40,4
Studenten klarer ikke å betale alle viktige regninger i tide	21,3	22,1	24,9	33,1

¹ Studenter som oppgir at de økonomiske vanskelighetene i stor eller svært stor grad har de ulike konsekvensene.

Ekspertgruppe om energisikkerhet vil ha mer forskning

Norge trenger en kraftig styrking av forskning, utvikling og innovasjon for å møte et mer alvorlig og sammensatt trusselbilde. Det er hovedbudskapet i en ny [rapport fra Energi2050s ekspertgruppe for energisikkerhet](#). Rapporten blir et sentralt kunnskapsgrunnlag i arbeidet med Energi2050s nasjonale strategi for forskning, utvikling og innovasjon på energiområdet.

Det sikkerhetspolitiske landskapet er grunnleggende endret. Samtidig blir energisystemet stadig mer elektrifisert, digitalisert og sammenkoblet. Ekspertgruppen peker på at utviklingen i trussel- og risikobildet har gått raskere enn oppbyggingen av kunnskap, kompetanse og innovasjonskapasitet som trengs for å gjøre energisystemene mer robuste og motstandsdyktige. I rapporten [«Fra sårbarhet til robusthet i et alvorlig trusselbilde – et nasjonalt løft for energisikkerhet gjennom forskning, utvikling og innovasjon»](#) anbefaler ekspertgruppen en langsiktig og tverrsektoriell satsing på energisikkerhet.

Nytt NIFU-notat advarer mot å la språkmodeller erstatte eksperter

Store språkmodeller som ChatGPT, Gemini og Claude brukes i stadig flere sammenhenger, og interessen øker for om de også kan bidra i vurdering av forskning. En ny [Innsikt fra NIFU](#) undersøker hvilke muligheter og utfordringer som følger med bruk av kunstig intelligens i forskningsvurderinger.

I Innsikten *How (not) to use Large Language Models to assess research* gjennomgår forskerne Liv Langfeldt, Mike Thelwall og Dag W. Aksnes eksisterende forskning på hvordan store språkmodeller vurderer vitenskapelige publikasjoner. De finner at modellene kan gi kvalitetsscorer som samsvarer moderat godt med ekspertvurderinger, og at de ofte er bedre til å rangere forskningsartikler enn til å gi vurderinger av enkeltarbeider. Samtidig understreker forfatterne at språkmodeller ikke vurderer forskning slik mennesker gjør. Vurderingene er estimerer som i stor grad kan produseres basert på tittel og sammendrag alene. Dette reiser spørsmål om hvordan modellene fanger opp forskningens kvalitet. Notatet peker på en rekke utfordringer ved å bruke KI i forskningsvurdering. Språkmodellene kan favorisere for eksempel etablerte fagområder, engelskspråklig forskning og dominerende perspektiver, samtidig som mindre fagmiljøer, tverrfaglig forskning og nye ideer risikerer å bli undervurdert. Forfatterne advarer dessuten om at forskere kan begynne å tilpasse artiklene sine for å oppnå høyere KI-vurderinger.